

Saksnr: 2019/59-9  
Saksbehandlar: Marielle Solheim

**Saksframlegg****Saksgang**

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Fylkeseldrerådet		25.11.2019

**Utnefning av representantar til regionalt støtteapparat for Leve heile livet-reforma****Forslag til vedtak**

Saka vert lagt fram utan tilråding til kandidatar, men fylkesrådmannen tilrår at fylkeseldrerådet vel minst to representantar i det regionale støtteapparatet.

**Samandrag**

Fylkesmannen har invitert representantar frå fylkeseldrerådet til å vere med i regionalt støtteapparat for Leve heile livet-reforma.

Bertil Søfteland  
leiar politisk sekretariat

Marielle Solheim  
administrativ sekretær

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift.*

## Saksutgreiing

### Bakgrunn for saka

Regjeringa la i 2018 fram kvalitetsreforma Leve heile livet. For meir informasjon om sjølve reforma visast det til [regjeringa sine nettsider](#), samt [Helsedirektoratet](#).

Det er etablert regionale støtteapparat for reforma, som skal støtte opp om kommunane sitt endringsarbeid og legge til rette for erfaringsdeling, kunnskapsutveksling og lokalt forbetningsarbeid i reformperioden. Meir konkret skal det regionale støtteapparatet, ifølgje Helsedirektoratet:

- Mobilisere og engasjere alle kommunane i eige fylke
- Spre kunnskap om reforma - innhald og verkemiddel
- Gje tilbod om støtte og vegleiing til utvikling, iverksetjing og evaluering av lokalt planarbeid
- Invitere til nettverksarbeid og erfaringsdeling mellom kommunane

Det regionale støtteapparatet består av Fylkesmannen (som er koordinator for arbeidet med reforma i fylket), KS regionalt, og Utviklingssenter for sykehjem og hjemmetjenester (USHT). Andre relevante aktørar inkluderast og i arbeidet, deriblant fylkeseldreråd.

Fylkesmannen i Vestland ynskjer å ha med representantar frå fylkeseldrerådet i Vestland i regionalt støtteapparat. Invitasjonen ligg vedlagt.

### Vurderingar og verknader

**Økonomi:** Ikkje relevant.

**Klima:** Ikkje relevant.

**Folkehelse:** Reforma er relevant for folkehelse.

**Regional planstrategi:** Reforma er relevant for regional planstrategi.

### Konklusjon

Fylkeseldrerådet vert bedd om å ev. utnemne representantar frå fylkeseldrerådet til regionalt støtteapparat for Leve heile livet-reforma.